



Til Samferdselsminister
Ketil Solvik Olsen
Postboks 8010 Dep,
0030 Oslo

AD. KVVU for Riksveg 13.

Gode samferdselsminister.

Bakgrunn:

I/S Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv13/Fv 13 på Vestlandet som går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fjordvegen Rute 13 har Riksvegstatus på strekninga Sandnes- Jøsenda/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella (- med Rv 55 Hella-Sogndal) og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik-Gaular-Moskog/Førde og turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde- Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal-Forsand.

IS Fjordvegen tok hausten 2011 initiativ til å få utarbeidd ein KVVU for Rv13/Fv13. Dette skulle vera eit viktig grunnlag for ein samla langsiktig utviklingsplan for strekninga. Styret i IS Fjordvegen Rute 13 ser at store og viktige prosjekt har blitt gjennomførte utan KVVU og at fleire prosjekt står framfor planlegging og oppstart utan KVVU. Jamfør Pressemelding nr 19/14 av 17.02.2014 frå Samferdselsdepartementet. Departementet har der godkjent unntak frå KVVU for 13 større vegprosjekt, mellom anna desse som vedkjem Rv13:

Riksveg 13 Strand-Røldal, i Rogaland og Hordaland
Riksveg 13 Vinje-Vik, i Hordaland og Sogn og Fjordane
Riksveg 13 Odda-Bu, Hordaland
Riksveg 13 rv 55 Vik-Sogndal, Sogn og Fjordane

Spørsmål:

IS Fjordvegen Rute 13 oppfatar dette som Departementet ikkje lenger ser behovet for ein KVVU for strekninga og at eit slikt arbeid er stansa. IS Fjordvegen Rute 13 ønskjer Departementet si vurdering av kva konsekvensar dette vil ha for utviklinga av restparsellane samt heilskapen for utbygging langs Rv13.

Ønskje:

Fjordvegen Rute 13 er livsnerva for kommunane den går gjennom, både for næringsliv/turisme og innbyggjarar.

Styret i IS Fjordvegen Rute 13 ønskjer å få vera medspelar i dei parsellvis prosjekta som er under planlegging og skal planleggjast for Rute 13 i framtida.

Kinsarvik 24.02.2014

Arne Kleppa/s
Styreleiar

Leiv Vambheim
dagleg leiar